



SparebankenVest

NORDFJORD

Sparebanken Vest og Stryn Fotball inviterar til



NorDrikk

## Topp treningsveke for deg mellom 13 og 16 år

**Måndag 8.aug – fredag 12.aug 2011**

Proffveka i Stryn er eit tilbod til ambisiøse gutar og jenter mellom 13 og 16 år (fødd 98 – 95) som ynskjer å satse på fotballen! Maksimalt 72 stk. (36 gutar og 36 jenter) vert plukka ut til å delta gjennom innsende søknadar!

Proffveka i Stryn tilbyr topp kvalifiserte trenarar som gjev gode utviklingsmoglegheiter, tilbakemeldingar og eit innblikk i kva som krevjast for å bli ein topp fotballspelar.

### Hovudtrenarar for Proffveka i Stryn 2011:

Paul Lever (Akademitrenar frå Liverpool), Roar Wold (landslagstrenar J 16), Freddy Butler (spelarutviklar i Sogndal), Stig Nord (trenar III), Johann Sigurdsson (trenar III), Jon-Terje Tjellaug (trenar II), Terje Skjeldestad og Skjeldestad Keeperskule.

I tillegg vert det jobba med fleire kapasitetar på trenarsida. Følg med på

[www.proffvekaistryn.blogspot.com](http://www.proffvekaistryn.blogspot.com), [www.stryn-fotball.com](http://www.stryn-fotball.com) og [www.facebook.com/proffveka](http://www.facebook.com/proffveka)

### Søknadsskjema må vere sendt innan 1.juni.

Søknadsskjema finn du på: <http://proffveka.stryn-fotball.com/>

Uttaket vert offentleggjort 5.juni. Alle som søker vert kontakta via e-post om uttaket.

### Pris pr. utøvar på Proffveka:

A-kort: Treningsavgift, utstyrspakke frå *Umbro*, seminar, overnatting\* og 3 måltid: kr 2450,-

B-kort: Treningsavgift, utstyrspakke frå *Umbro*, seminar og lunsj: kr 1850,-

\*Overnatting på Stryn vidaregåande skule.

 SparebankenVest

Proffveka i Stryn 8-12.august 2011

# Kort praktisk informasjon om Proffveka i Stryn



## Start og slutt på veka:

Vi har ope sekretariat for registrering av utøvarar med utdeling av utstyr og informasjon frå kl. 16.00 – 19.00 på Stryn Stadion måndag 8.august. Vi oppmodar alle om å vere på plass seinast kl. 18.00, då det vil ta litt tid med utdeling av utstyr. Treninga vil starte kl. 19.30

Proffveka i Stryn vert avslutta fredag 12.august med lunsj kl. 13.00

## Utstyr:

Kvar utøvar får utdelt eit treningssett frå *Umbro* med drakt, shorts og fotballstrømper. I tillegg får kvar utøvar eit par sko frå *Moods of Norway*.

Treningssettet vert vaska kvar kveld og vert utdelt ved frukost neste dag.

Ein skal nytte utlevert treningssett under treningane. Vi ber likevel deltakarar ta med ekstra treningssett med t-skjorte, shorts, sokkar, genser/jakke og bukse i tilfelle dårlig ver.

Anna fotballrelatert utstyr som ballar, vestar, etc. held Stryn Fotball.

## Overnatting:

For utøvarar med A-kort vert det overnatting på klasserom på Stryn Vidaregåande Skule. De må ta med sovepose og eit godt liggeunderlag. (Pute er også kjekt! ☺)

## Korleis ser ein dag ut på Proffveka?

09:00: Frukost på Stryn Stadion  
10:00: Fotballtrening på Stryn Stadion  
12:00: Lunsj på Stryn Stadion  
13:00: Faglig teoretisk del.  
15:00: Fotballtrening på Stryn Stadion  
18:00: Middag A kort - utøvarar  
19:00 – 22.00: Fritidsaktivitetar.



Merk: På onsdag og fredag blir det kampar. På onsdag blir det også grillkveld med aktivitetar. Torsdag kveld blir det fotballseminar. Dette er ope for både deltakarar, trenarar og foreldre.

## Kontaktopplysningar:

Sportsleg ansvarleg: Johann Sigurdsson – 974 999 49 / [johann.sigurdsson@sfj.no](mailto:johann.sigurdsson@sfj.no)

Arrangementsansvarlig: Inge Matias Tvinnereim – 993 87 441 / [post@stryn-fotball.com](mailto:post@stryn-fotball.com)

Mediaansvarleg: Frank Hool – 915 34 038 / [frank@penselmesteren.no](mailto:frank@penselmesteren.no)

Fysioterapeut: Are Njøten - 906 97 552 / [are@n-bht.no](mailto:are@n-bht.no)

## Informasjon:

Alle deltakarar som blir plukka ut vil i god tid få tilsendt detaljert informasjon og dagsprogram for Proffveka i Stryn. Følg elles med på [www.proffvekaistryn.blogspot.com](http://www.proffvekaistryn.blogspot.com), [www.stryn-fotball.com](http://www.stryn-fotball.com) og [www.facebook.com/proffveka](https://www.facebook.com/proffveka)

Proffveka i Stryn 8-12.august 2011